

Utfordringsbilette for Hareid kommune 2019 – 2024



Innhald

1.0	Demografi	3
2.0	Syssestelling og utdanning	5
3.0	Levekår	7
4.0	Samfunnstryggleik	8
5.0	Klima og miljø	8
6.0	Folkehelse	10
7.0	Økonomi	11
	Kjelder:	11

1.0 Demografi


I januar 2019 var folketalet i Hareid kommune 5 155, dette er ei endring på 5 personar (0,1 prosent) frå året før. Folketalutviklinga er resultatet av fødselsoverskot pluss nettoflytting. Fødselsoverskotet er talet på fødde eit år minus talet på døde same år. I 2018 blei det fødd 48 born samstundes som det døydd 51 personar i Hareid. Dette gir eit negativt fødselsoverskot på -3. Til samanlikning var fødselsoverskotet i 2017 på 16. Fødselstala er låge både regionalt og nasjonalt, og det finst få kommunar der fødselstala er høge nok til å oppretthalde befolkningsstorleiken utan tilflytting eller innvandring.

I 2018 var den innlandske nettoflyttinga for Hareid på 35 personar. Dette er høgare enn året før, med ei endring på 18 personar. Nettoinnvandringa, og særleg arbeidsinnvandring, har difor vore avgjerande for ei auke i befolkningsveksten.

Det siste tiåret har Hareid auka med 338 personar, ei endring på 7 prosent. Av dei 35 kommunane i Møre og Romsdal kjem Hareid på ein 11. plass i befolkningsutvikling i perioden.


Folketalutvikling handlar likevel om meir enn berre vekst eller nedgang i folketalet. Samansetninga av befolkninga er svært viktig for utviklinga, og ikkje minst for korleis det offentlege skal dimensjonere sitt tenestetilbod. Per 1. januar 2019 hadde Hareid 1 299 born og unge under 20 år, noko som tilsvare 25,2 prosent av befolkninga. Talet på personar 67 år og eldre i befolkninga var 810 og utgjer 15,7 prosent. I Hareid er det 88,2 kvinner i aldersgruppa 30 til 39 år per 100 menn, dette er litt lågare enn fylkessnittet som ligg på 90,7.

Folketalutviklinga i Møre og Romsdal 2018-2019



Eit anna viktig demografisk perspektiv er kvar befolkninga har busett seg i kommunen.


Folketalsutvikling per grunnkrets 2014 til 2019



Figuren ovanfor synleggjer kva krinsar som har hatt vekst eller ikkje dei 5 åra. Som ein ser er det særleg sentrumskrinsen som har hatt stor vekst siste perioden. Dette har truleg ein samanheng med at det er i sentrum det har vore størst utbygging siste 10-året. Men, det har også truleg ein samanheng med at fleire og fleire vel å bo sentrumsnært, både den yngre generasjonen, men også i større grad den eldre generasjonen. Det er nærliggande å tru at det er ønskjeleg å vere i nær avstand til aktuelle samfunnsfunksjonar som skule, barnehage, butikkar, kollektivtilbod med meir.

Hareid kommune si befolkningsframskriving til 2040 tilsei at ein vil verte 24 personar fleire dei neste 20 åra. (Dette talet er utrekna med utgangspunkt i SSB sine framskrivingsalternativ MMMM (hovudalternativ).) Dette med ein føresetnad av at ein får ei høgare nettoflytting, sidan fødselsoverskotet ser ut til å gå ned.

Figuren under syner fordelinga av befolkninga etter alder i Hareid kommune, det er også lagt til framskrivingsalternativet. Ein kan sjå ut i frå figuren at den eldre delen i befolkninga er venta å stige. Tal på personar 67 år og eldre er venta å stige frå rundt 800 i 2019 til over 1200 i 2040.




2.0 Sysselsetting og utdanning

Folketalsutviklinga i Hareid kommune er sterkt knytt til utviklinga i arbeidsmarknaden. Auken i folketallet har vore i stor grad eit resultat av arbeidsinnvandring. 1 924 personar hadde arbeidsstaden sin i Hareid kommune i 2018. Sekundærnæringar og sørvisnæringar har den største andelen av arbeidstakarar i kommunen. Hareid hadde vekst i sysselsettinga frå 2017 til 2018. Dette trass i at Hareid har den høgaste prosentvise arbeidsløysa i heile Møre og Romsdal per juli 2019. Arbeidsløysa på dette tidspunktet er på 4,3 % for Hareid, med 113 menneske utan arbeid.

Hareid kommune har ei låg arbeidsplassdekning samanlikna med mange av nabokommunane våre. Per 2018 var arbeidsplassdekninga på under 80 %. Til samanlikninga har Ulstein kommune mellom 100 og 115 prosent arbeidsplassdekning, og Ålesund har over 115 prosent. Arbeidsplassdekninga for Hareid kommune har gått ned med 5 prosent frå 2010 til 2018.


Ein stor del av arbeidsstokken som bur i Hareid kommune pendlar til nabokommunane for arbeid. Ulstein, Ålesund og Herøy tek i mot største delen av arbeidstakarane som har arbeid i ei anna kommune enn bustadkommunen deira. Det er også mange frå dei same kommunane som pendlar inn til Hareid, men ikkje like mange som pendlar ut.

Inn- og utpendling, hovudstraumar 2018, sortert etter tal utpendlarar



Fleire og fleire i heile Noreg tek meir utdanning enn før. I Hareid fullfører 77,6 prosent av alle ungdommar vidaregåande (tal frå 2012-kullet). Dette er litt over snittet i fylket. Litt fleire ungdommar vel studieførebuande fag på vidaregåande enn den delen som vel yrkesfag. Og som ein ser på figuren under stig også andelen som vel universitetsutdanning. Det er flest kvinner frå Hareid som fullfører kort universitets-/høgskuleutdanning, medan det er flest menn som fullfører lang universitets-/høgskuleutdanning.

Utdanningsnivået i befolkinga*



kommune


*Befolkinga er her rekna som dei som er 16 år og eldre, i.e. etter grunnskole.
Fagskole er inkludert i vidaregåande skole.

Kjelde: SSB 38


3.0 Levekår

Inntekt er eit viktig tema knytt til levekår. Ofte nyttar ein median som sentralitetsmål når ein ser på inntekststatistikk. Median er midtverdien i talrekke som er rangert (summen av dei to delt på to om det er partal). I 2017 var medianinntekt i Hareid 366 700 kroner. Dette er 11 300 mindre enn på fylkesnivå og 22 600 mindre enn nasjonalt nivå.


Det er særleg aksane knytt til fylkesvegane i kommunen som er tett befolka.



Det er flest åleinebuande i Hareid kommune. Dette talet samt talet på par utan heimebuande born har auka spesielt mykje sidan 2005.



Bustadar etter type



4.0 Samfunnstryggleik

Kommunane er lokal planmynde og har ansvar for at ein tek omsyn til samfunnstryggleik i planlegginga etter plan- og bygningslova. Kommunen har også ansvar for å følgje opp krav til kommunal beredskapsplikt i sivilvernlova. Samla sett gir dette kommunane ei viktig rolle som lokal samordnar av samfunnstryggleik og beredskap.

Gjennom eit tilsyn gjennomført i 2018 av Fylkesmannen i Møre og Romsdal vart det avdekt at Hareid kommune ikkje har fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik og beredskapsarbeidet med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen.


Ein veit aldri kva tid ei uønskt hending vil inntreffe samfunnet vårt. Historisk sett veit ein likevel at uønskte hendingar på eit eller anna tidspunkt vil finne stad. Slike situasjonar set samfunnet på prøve, og stiller store krav til organisering, planlegging og prioritering i hendingsløpet. Medvit kring identifiserte og potensielle uønskte hendingar, vil på mange måtar vere det viktigaste førebyggjande tiltaket for å kunne møte slike situasjonar på ein best mogleg måte. Hareid kommune har ein relativt ny heilskapleg ROS-analyse frå hausten 2016. Denne tek føre seg ulike hendingar og vurderer risiko knytt til desse.

5.0 Klima og miljø

Naturen rundt oss er i stadig endring grunna ver, vind og menneskeleg aktivitet. Kommunen har ansvar for at ny busetnad er tilstrekkeleg sikker mot naturfarar.

Det har blitt utarbeida klimaprofilar for alle fylka i Noreg (<http://www.klimatilpasning.no/fylkesoversikt/>), desse har fokus på endringar frå dagens klima (1971-2000) til slutten av århundret (2071 -2100). I følgje klimaprofilen

for Møre og Romsdal skal årstemperaturen auke med 4,0 grader celsius. Det vert 15 % meir nedbør, og nedbøren vil også auke vesentleg både i intensitet og frekvens. Auke i nedbøren vil føre til auka vassføring. Snømengda i områder nær kysten vil minke grunna auka i temperatur. Skredfare er sterkt knytt til lokale terrengforhold, men veret er ein av dei viktigaste utløysingsfaktorane, ein risikerer auka frekvens av skred som er knytt til regnskyll, flaum, snøfall og snøsmelting. Havnivåstiging kan føre til at stormflo og bølger gjer skader på busetnad og infrastruktur i område der ein i dag ikkje har registrert skadar. For Hareid kommune betyr dette at ein ikkje kan bygge lågare enn kote 3 for å unngå skade som følgje av stormflo i framtida.



Figuren viser utvikling av nedbør i perioden 1900-2100. Verdiene viser avvik (%) fra perioden 1971-2000. Svart kurve viser observasjoner, utjevnet for å illustrere variasjoner på en 30-års skala. Farget kurve viser trend i medianverdi fra en rekke RCM-simuleringer, fram til 2031-2060 og 2071-2100. Skravert område indikerer spredning mellom lav og høy klimaframskrivning [10 og 90 persentiler].

(https://klimaservicesenter.no/faces/desktop/scenarios.xhtml?climateIndex=precipitation_amount&period=Annual&scenario=RCP85®ion=NO&mapInterval=2085)

Men det er ikkje berre ver og vind som vil verte ei utfordring i framtida. Den menneskelege aktiviteten etterlet også eit stort spor i jordkloden sine ressursar. Særleg plast og avfall har blitt eit enormt problem, både på land og i sjø. Økonomisk vekst og forbruk gjer at avfallsmengdene fortset å vekse i Noreg. Målet er å produsere mindre avfall, samstundes som ein utnyttar ressursane betre. I 2017 hadde Noreg 11,7 millionar avfall.

(<https://miljostatus.miljodirektoratet.no/Tema/Avfall/>)

Gode returordningar og metodar for gjenvinning vil vere avgjerande for å kunne nytte ressursane betre.

Marin forsøpling er ei av dei største utfordringane vi har når det gjeld miljøet i havet. Mykje av avfallet er plast. Plasten kan mellom anna føre til kveling, indre skadar, forgifting og problem med fordøyinga til dyra. Med tida brytast plasten ned til mikroplast, noko som kan få store konsekvensar for miljøet. Havet er ei av dei viktigaste inntektskjeldene for Hareid kommune. 8-12 millionar tonn plast hamnar i havet kvart år. 94 % av plastavfallet sekk og vert liggande på havbotnen. Det tek veldig lang tid før plast og avfall i havet vert brote ned. Ei plastflaske har nedbrytingstid på 450 år. Tapte fiskereiskap er også ei utfordring for dyrelivet i havet, samt dyrelivet som nyttar seg av havet. Det er naturleg å tenkje at også kommunane må bidra i arbeidet for å rydde opp samt hindre marin forsøpling i mykje større grad i framtida enn kva kommunane gjer i dag.

(<https://miljostatus.miljodirektoratet.no/tema/avfall/forsopling-av-havet/>)

6.0 Folkehelse

Hareid kommune si siste oppdaterte folkehelseoversikt er frå 2015. Denne er tenkt revidert i 2019/2020.

Folkehelselova pålegg kommunen eit ansvar for å skaffe seg nødvendig oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane i kommunen. Denne oversikta skal nyttast for å ta omsyn i planlegginga, samt sette i verk nødvendige tiltak for å møte folkehelseutfordringar. Kommunen sitt folkehelsearbeid handlar om å legge til rette for og fremje god helse og trivsel, samt å redusere faktorar som har negativ innverknad på folkehelsa.

Hareid kommune si folkehelseoversikt frå 2015 syner ulike utfordringar. Særleg er det verdt å trekke fram andelen med psykiske symptom og lidingar i alderen 15-29 år som er høgare enn landet som heilheit. Dette kjem fram etter data frå fastlege og legevakt. Også sjukdommar og plager knytt til muskel- og skjelettsystemet samt overvekt ser ut til å vere meir utbreidd enn i landet som heilheit. Ein ser også ei viss auke dei siste åra i born (0-17 år) som bur i hushald med låg inntekt. Dette er viktige utfordringar å ta tak i. Den nye folkehelseoversikta som er i emninga vil gi oss betre talgrunnlag vidare i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.

7.0 Økonomi

Hareid kommune har ein pressa og usunn økonomi jamfør budsjett og økonomiplan 2019-2022. Hareid kommune får fram mot 2022 ei auke i driftskostandar på 15,8 million grunna auka investering. Kommuneorganisasjonen er pålagt store, og kanskje for store innsparingskrav. Avsetning til fond er saldert for å unngå ytterlegare kutt. Hareid kommune har eit lite fond og høg risiko, så her er eit sterkt behov for å ha ein buffer for negative budsjettavvik og uføresette hendingar både på utgifts- og inntektssida. Truleg vil ein måtte fortsette å nytte av det som allereie er avsett på fond for å få driftsrekneskapet i hamn dei neste åra.

I lys av det nasjonale politiske klimaet og kommunereforma som har gått føre seg dei siste åra er det heller ikkje grunn til å tru at Hareid kommune vil få noko auke i tilførselen av pengar frå nasjonalt hald. Hareid har valt å stå aleine som kommune.

I lys av den økonomiske situasjonen har det blitt avgjort at ein må sette i sving ein effektiviseringsprosess. Hovudmålet knytt til denne prosessen er å skape ein sunn økonomi med 1,75% driftsoverskot samt etablere varige og gode driftstiltak som sikrar ei framtidsretta og berekraftig utvikling med 1,75% driftsoverskot frå 2023. Delmåla for å kome til hovudmålet er å spare kutte 10 millionar i 2021, 16 millionar i 2021 og 18 millionar i 2022.

Når ein ser på krava til innsparing, skjønar ein også at det vil vere lite rom for nye tiltak. Alle nye tiltak må i åra framover gå på bekostning av noko anna. Dette vil verte ei vanskeleg og omfattande oppgåve for kommunen som organisasjon å løyse. Det er grunn til å tru at innbyggjarane og tenestemottakarane også vil merke dette.

Kjelder:

Alle tal og statistikk i kapittel 1-3 er henta frå kommunestatisikken 2019 for Hareid kommune, som er utarbeida av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Andre kjelder er vist til langs med i teksten.